# Stilling ledig – kantor/organist

**Vestre Slidre fellesråd søkjer kantor/organist i 60 % stilling.** Vestre-Slidre kyrkjeleg fellesråd har ansvarsområde i Vestre Slidre kommune i Valdres Prosti. Kommunen har ca 2.200 innbyggjarar fordelt på 464km2 med variert natur. Landruk og turisme er dei viktigaste næringsvegane. Det er gode moglegheiter for friluftsliv som fisking og fotturar. I fjellet er det godt tilrettelagt for sykling. Kommunen har eit godt skule- og barnehagetilbod, og ein kulturskule med godt og variert tilbod. Vestre Slidre har 3 sokn og 4 kyrkjer og 1 kapell. Av kyrkjene er det 1 stavkyrkje, Lomen, og 1 mellomalderkyrkje, Slidredomen. I tillegg er det ein kyrkje-ruin. I tilknyting til kyrkjene er det 4 kyrkjegardar. Fellesrådet har ein stillingsressurs på ca 3 årsverk fordelt på 9 tilsette. Kyrkja har gode kontor på Slidretun og bruker nynorsk som administrasjonsspråk.

**Arbeidsoppgåver:**
- Delta i planlegging og gjennomføring av gudstenester, kyrkjelege handlingar og andre arrangement saman med presten, øvrige tilsette og frivillige.
- Bidra inn i menighetens trusopplæring og skule/kyrkje-samarbeid.
- Ansvarleg for menighetens musikalske liv i samsvar med kyrkjemusikalsk plan
- Samarbeide med lokalt musikkliv
- Delta i stabsmøter og vere ein del av teamarbeidet i staben.
- Ettersyn og vedlikehald av menighetens instrument

**Personlege eigenskapar:**
- Gode samarbeids-, planleggings- og gjennomføringsevner
- Personleg eignaheit vil bli vektlagt

**Kvalifikasjonar:**
- Utdanning ihht kvalifikasjonskrav for kantor/organist
- Beherske allsidig spel på orgel og piano både solo og i samspel med andre
- Kunne arbeide både sjølvstendig og i team
- Kommunisere og samarbeide godt ,med barn, unge og frivillige medarbeidare
- Beherske norsk bra både munnleg og skriftleg
- Den som tilsetjast må vere medlem i Den norske kyrkje
- Disponere bil
- Politiattest må fremleggast ved tilsetting

**Vi tilbyr:**
- 60% mellombels stilling i 1 år med stor moglegheit for fast stilling
- Ein hyggeleg arbeidsfellesskap
- Løn og arbeidsvilkår ihht gjeldande tariff og pensjonsordning i KLP
- Deler av arbeidstida er lagt til kveld, helg og høgtid

Stillinga kan sjåast i samanheng med deltidsstillinger som Vestre Slidre kommune utlys;
- Kulturkonsulent 50%
- Rådgjevar inntil 50 %
- Dirigent 20%

Det blir lagt opp til prøvespeling i samband med intervju. Stillinga er ledig frå 1.august, med moglegheit for oppstart tidlegare. For meir informasjon: Kontakt kantor Are Alund, 997 34 175 eller kyrkjeverje Veslemøy Kvamme, tlf. 61 349500 / 958 68 588, e-post: vk766@kyrkja.no. Sjå også vår heimeside: kyrkja.no/vestre-slidre og facebookside: Kyrkja i Vestre Slidre Søknad og CV med kopiar av attestar/vitnemål sendast: Vestre Slidre kyrkjeleg fellesråd, Slidrevegen 20, 2966 Slidre, eller på e-post **innan 13.juni 2021.** Ved kombinasjon av stillinger, kan det vere aktuelt å tilpasse stillingsstorleiken.

DEN NORSKE KIRKE

Vestre Slidre kyrkjeleg fellesråd